



Reigstad Bygg AS  
Osterfjordvegen 124  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1734 - 16/400

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
06.01.2016

## Ferdigattest - Gbnr 196/139 Midtgård

Ansvarleg søker har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.04.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.01.2016.

### Skildring:

Adresse:	Midtgårdshøgda 18 A og 18 B
Bygningstiltak:	Tomannsbustad
Bygningsnummer:	300525055 300525052

### Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad på gnr. 196, bnr. 139. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1734

Med helsing

Siril Sylta

Benjamin Hicks



avdelingsleiar

rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Reigstad Bygg AS

Osterfjordvegen 5914  
124

ISDALSTØ